



Utstilling ALME

Almestranda 99

30.09 – 02.10.22

Åpent: 12–18.00 fredag til søndag



– For eit paradis Alme er

Kvartetten Natasha Berg, Sonja Reite, Mette Fausa og Silvia Klatt stilte ut saman under ei salsutstilling i huset til Wibeke Lovise Kløvning på Almestranda. Mange var innom dei tre dagane utstillinga var open, og fleire sikra seg bilde.

– Alme er eit skikkeleg paradisi, og eg kan veldig gjerne tenkje meg å stille ut her igjen, seier

den Ålesund-baserte kunstnar Mette Fausa til Vikebladet Vestposten.

Lokalavisa tok turen til salsutstillinga på Alme søndag, der verk av kunstnarane Sonja Reite, Silvia Klatt, Mette Fausa, og Natasha Berg var stilt ut.

Berg bur sjølv i huset der utstillinga fann stad, eit hus som er eigd av Wibeke Lovise Kløvning. Det var sistnemnde som arrangerte sjølve utstillinga, noko ho også har gjort fleire gonger tidlegare.

Eksotiske Alme

Dei tre andre kunstnarane er

heimhøyrande i Ålesund, og hadde aldri tidlegare stilt ut på Alme.

– Det var veldig overraskande kor mykje folk som har vore innom. Alme er ein eksotisk plass, godt utanfor allfarveg – men likevel har det vore mykje folk på besøk. Det har rett og slett vore veldig kjekt å stille ut her, seier Mette Fausa, Silvia Klatt og Sonja Reite.

God salsutstilling

Dei frammøtte kosa seg med vaflar, kaffi og te, og kunne beundre dei flotte kunstverka, av ganske så ulike stilartar, der dei

var spreidde ut over to etasjar.

Spesielt laurdagen var det mykje folk innom utstillinga, fortel kunstnarane.

– Wibeke har spurt meg mange gonger tidlegare om eg kunne tenkje meg å stille ut her, og no passa det perfekt, seier Sonja Reite, som opphavelig kjem frå Vanylven og som har stilt ut i Ulsteinvik ei rekkje gonger tidlegare.

– Eg får mykje inspirasjon av å vere her på Alme, og eg er skikkeleg glad for at utstillinga har vore så bra. Vi har også fått selt fleire kunstverk, alle fire – noko som naturlegvis er veldig

kjekt når det er salsutstilling, seier Silvia Klatt.

– Det er veldig kjekt at vi kan kome saman slik, og bli inspirerte av kvarandre. Eg lærer alltid mykje av å sjå det andre kunstnarar har laga, seier Natasha Berg.


OLE-OTTAR KARLSEN HOGSTAVOLL
ole.ottar@vikebladet.no



Eksotiske Alme: Kunstnarane hadde salsutstilling i dette huset på Almestranda, som er eigd av Wibeke Lovise Kløvning.



Ulike stilartar: Dei fire kunstnarane har ganske så ulike stilartar. Her ser ein eit bilde signert Sonja Reite til venstre, og eit signert Silvia Klatt til høgre.



Flotte fargar: Den raude tråden i salsutstillinga var heilt klart bruken av sterke og klare fargar, hos alle dei fire kunstnarane.